



Anders Hindenes
Mangerbua 17
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4071 - 22/62610

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
19.08.2022

Melding om utført endring av bygningstype i matrikkel - gbnr 137/698 Alver

Viser til innsendt førespurnad om endring av registrert utleigedel dat. 14.05.22, og brev med informasjon om endring av bygningstype samt krav om endring av bygningstype i matrikkelen, innkome til kommunen 17.08.22.

Bygningstypen er no endra frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad.

Vurdering:

De ynskjer endra bygningskoden frå 112- einebustad med hybel/ leilighet til 111- einebustad, med grunngevinga at dette huset vart omsøkt og bygd som einebustad, og at registreringa i matrikkelen er feil. De ber difor om at registrert leilighet i underetasjen skal utgå.

De skriv at det hadde vært mulig å benytte ein del av huset som leilighet då de kjøpte det, men at de har gjort bygningsmessige endringar slik at dette no ikkje er mulig uten større inngrep. Då kan det ha vore mogeleg at det har vore utleige her ei tid, og at dette er grunnen til at bygningstypen har vore registrert som 112.

De stiller spørsmål ved om det er grunnlag for å be om refusjon for det du har betalt for mykje frå 01.01.2020 og fram til no. Avdelinga for kommunale gebyr får melding om denne endringa av bygningstype og vil vera rette mottakar til dette spørsmålet.

Konklusjon:

Bygningstypen vert endra for dette bygget, då søknad, løyve og noverande faktisk bruk seier at dette er ein einebustad.

Dersom det vert etablert utleige i bygget pliktar de å gje kommunen melding om dette, for oppdatering av opplysningar i matrikkelen, eventuelt søknad om bruksendring etter PBL for å etablere ei godkjent utleigeining.

Avdelinga som lagar grunnlaget for kommunale avgifter får melding om endringa.

NGIR (renovasjon) får også melding om utført endring.

Vedlagt ligg bygningsrapportar som viser kva som var/ er registrert om bygget i matrikkelen, før og etter endringa.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

137-698-einebustad før retting
137-698-einebustad etter retting

Kopi til:

NGIR forvaltning

Mottakarar:

Anders Hindenes

Mangerbua 17

5911

ALVERSUND